



Høgskolen i Telemark

Fakultet for allmennvitenskaplege fag

KONTINUASJONSEKSAMEN

Emnekode:	3525 002
Emnenamn:	Examen facultatum
Studiepoeng for emnet:	10
Omfang av denne eksamenen i % av heile emnet:	60%
Eksamensdato:	08.09.2011
Eksamensstad:	Bø (Bali, Mexico, New York)
Lengde/tidsrom:	3 timar kl.1000-1300
Målform:	Bokmål/nynorsk
Ant. sider inkl. framside	3
Tillatne hjelpemiddel:	ingen
Merknader:	ingen
Ant. vedlegg:	ingen

Eksamensresultat finn du etter sensurfall ved å logge deg inn med brukarnamn og passord på StudentWeb (hit.no)



BOKMÅL:

Enten:

Oppgave 1

Sett som overskrift: *Observasjon og teori.*

Hva menes det med å si at observasjoner er teoriavhengige? Gjør rede for Chalmers' argumentasjon (i teksten "Iagttagelsers teoriafhængighed" i kompendiet) at observasjoner ("iagttagelser") er betinget eller avhengig av fortolkning (teori). Kom i denne forbindelse inn på skillet mellom bildet på netthinnen ("øyet som kamera") hos en person og personens synsopplevelse. Bruk gjerne eksempler til å belyse dette skillet. Gjør så rede for Chalmers' argumentasjon at observasjonsutsagn forutsetter teori. Forklar til slutt hvordan Chalmers' argumentasjon kan bidra til kritikk av de logiske positivistenes tanke om at all vitenskapelig erkjennelse og teori har som grunnlag objektive, direkte verifiserbare observasjonsutsagn, såkalte "protokollsetninger"?

eller:

Oppgave 2

Sett som overskrift: *Legitimering av vitenskap.*

Det følgende er et sitat fra en forelesning holdt av den tyske vitenskapsmannen Helmuth Helmholtz i Heidelberg i 1862:

"Den som søker etter umiddelbar praktisk nytte i det vitenskapelige arbeid, kan allment sett være overbevist om at han søker forgjeves. Alt vitenskapen kan oppnå er fullkommen kunnskap og fullkommen forståelse av de naturlige og moralske kreftenes virkning. Hver student må være fornøyd med å finne sin belønning i gleden over de nye oppdagelser, som over nye seire i bevissthetens kamp med materien, eller i nytelsen av den estetiske skjønnheten i et velordnet kunnskapsfelt."

- Hva vil det si å legitimere vitenskap og vitenskapelig aktivitet? Gjør rede for ulike tradisjoner (fra henholdsvis Aristoteles og Francis Bacon) i svaret dit. Hvilken tradisjon gir Helmuth Helmholtz uttrykk for i sitatet ovenfor? Begrunn svaret.
- Gjør rede for skillet mellom grunnforskning og anvendt forskning. I hvilken grad kan hver av disse relateres til de tro tradisjonene for legitimering av vitenskap? Begrunn svaret.
- Gjør rede for Max Webers syn på forholdet mellom vitenskap og verdier ("sak" og "vurdering"). Relater Webers syn til de forskjellige typer forskning. Ser du noen sammenheng mellom det Helmholtz sier og Webers syn? Begrunn svaret.

Alle spørsmålene skal besvares.



NYNORSK:

Anten:

Oppgåve 1

Sett som overskrift: *Observasjon og teori.*

Kva meiner vi med å si at observasjonar er teoriavhengige? Gjer greie for Chalmers' argumentasjon (i teksten "Iagttagelsers teoriafhængighed" i kompendiet) at observasjonar ("iagttagelser") føreset eller er avhengige av fortolking (teori). Kom i denne samanhengen inn på skiljet mellom biletet på netthinna ("auget som kamera") hos ein person og personens synsoppleving. Bruk gjerne eksempel til å kaste lys over dette skiljet. Gjer så greie for Chalmers' argumentasjon at observasjonsutsegn føreset teori. Forklar til slutt korleis Chalmers' argumentasjon kan bidra til kritikk av dei logiske positivistanes tanke om at all vitenskapleg erkjenning og teori har som grunnlag objektive observasjonsutsegn, såkalla "protokollsetningar", som kan sannast direkte.

eller

Oppgåve 2

Sett som overskrift: *Legitimering av vitenskap.*

Det følgjande er eit sitat frå ei førelesing halde av den tyske vitenskapsmannen Helmuth Helmholtz i Heidelberg i 1862:

"Den som søker etter umiddelbar praktisk nytte i det vitenskapelige arbeid, kan allment sett være overbevist om at han søker forgjeves. Alt vitenskapen kan oppnå er fullkommen kunnskap og fullkommen forståelse av de naturlige og moralske kreftenes virkning. Hver student må være fornøyd med å finne sin belønning i gleden over de nye oppdagelser, som over nye seire i bevissthetens kamp med materien, eller i nytelsen av den estetiske skjønnheten i et velordnet kunnskapsfelt."

- Kva vil det seie å legitimere (rettferdiggjere) vitenskap og vitenskapleg verksemd? Gjer greie for ulike tradisjonar (frå resp. Aristoteles og Francis Bacon) i svaret ditt. Kva for tradisjon gjev Helmholtz uttrykk for i sitatet over? Grunnlegg svaret ditt.
- Gjer greie for skiljet mellom grunnforskning og bruksforskning ("anvendt" forskning). I kva grad vil du relatere kvar av desse til dei to tradisjonane for legitimering av vitenskap? Forklar. Kor plasserar du oppdragsforskning? Forklar.
- Gjer greie for Max Webers syn på tilhøvet mellom vitenskap og verdiar ("sak" og "vurdering"). Relater Webers syn til ulike typar forskning. Ser du nokon samanheng mellom det Helmholtz seier og Webers syn? Grunnlegg svaret.

Alle spørsmåla skal svarast på.